

Notat

Til: Forstanderskapet i Tysnes Sparebank

Frå: Styret i banken

Dato: 13. mars 2023

Sak 6: Endring i valginstruks og vedtekter

Styret handsama i sak 138/22 forslag til endringar i valginstruks med tilhøyrande endringar i vedtektene.

Bankens valginstruks er revidert av advokatfirma Selmer ved advokat Bernt Olav Steinland. Valginstruksen må oppdaterast med dei sist gjeldande retningslinjer og forskrifter fra Finansdepartementet og Finanstilsynet.

De to viktigste endringane er strengare krav til egnethetsvurdering av styremedlem og at maksimaltid for å ha verv i banken tas ut av vedtektene og erstattes av føringer i valginstruksen. Denne form for praksis for funksjonstid er noe dei fleste bankar i Noreg har endra i sine vedtekter, og oppdatert i instruksen for valgkomiteen.

Vedlagt er endringsmarkert versjon av både valginstruks og vedtekter, samt reine versjonar av desse.